



INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

omfattar kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Jordskifteretten har kontor i Bøndenenes Hus i Skulegata i Voss.

IDÉ- OG VERDIGRUNNLAG

Jordskifteretten skal vere uavhengig. Den skal sikre og fremje rettstryggleiken og verne om rettssamfunnet. Jordskifteretten skal til ei kvar tid ha høg tillit i samfunnet.

ORGANISASJON OG PERSONELL

Jordskifteretten er ein spesialdomstol som har som oppgåve å løyse problem knytt til eigedomar i heile landet.

Jordskifteretten sitt samfunnsoppdrag er gjennom offentleg rettargang å leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet.

Vi er ved årsskiftet 6 tilsette.

Jordskifterettsleiar Thorbjørn Svane
Jordskiftedommar Svein Linga
Overingeniør Kai Morten Kleivane
Overingeniør Sigbjørn Hauge
Førstekonsulent Signe Furseth Rondestveit
Førstekonsulent Kari Nestaas, frå 01/01/2017

SAKSARBEIDET

I 2016 vart det slutta 20 saker. 2016 kom det inn 16 nye krav. Dette er litt under gjennomsnittleg antal årleg registrerte krav ved domstolen.

Ved utgangen av 2016 låg det føre 22 saker til behandling ved jordskifteretten. Av desse 1 sak overført til behandling ved annan jordskifterett.

Føreliggjande saker er fordelt med om lag 2/3 på rettsendrande saker (ny eigedomsutforming, bruksordningar eller sams tiltak) og med 1/3 på rettsfastsetjande saker (grensegangar eller rettsutgreiingar).

Avslutta saker er fordelt med om lag 1/3 på rettsendrande saker og med 2/3 på rettsfastsetjande saker

SERVICE OG INFORMASJON

Eit viktig mål er å heve servicenivået ved å redusere ventetida for nye saker.

På grunn av god saksavvikling er det no kort ventetid for oppstart av nye saker.

Ny jordskiftelov tok til å gjelda frå 01.01.2016.

Viktige endringar er mellom anna:

- Jordskifteoverretten er slått saman med lagmannsretten slik at det no er ein ankeinstans (lagmannsrett).
- Jordskifteretten har fått eksklusiv kompetanse til å halda ulike skjønn, bl.a. vegskjønn for private vegar.
- Jordskifteretten har fått utvida kompetanse i urbane strøk, mellom anna til fordeling av planskapt netto verdiauke mellom eigedommar som er omfatta av ein reguleringsplan.

Ved jordskifte kan ein få løyst fleire problem i ei og same sak. Ei jordskiftesak kan vere både rettsfastsetjande og rettsendrande. I ei vegsak kan partane t.d. både få avklart kven som har vegrett, avklart om nye partar skal betale seg inn i veggen og etablert eit veglag for å ta seg av den vidare drift og vedlikehald av veggen.

Informasjon om arbeidsoppgåvene, korleis du kan krevje sak m.m. finn du på www.jordskifte.no

Interesserte kan få meir informasjon ved å kontakte jordskifteretten.

INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

Skulegata 11 A – 5700 Voss

Telefon: 56 52 91 90

E-post: indre.hordaland.jordskifterett@domstol.no

Internett: www.domstol.no/jvos



Foto: Sigbjørn Hauge